

Referat

Møte i Kraftutvalet 5.3.2010

Stad: Kommunehuset i Vinje

Frammøtte: Olav Bjørn Bakken, Therese Hauger, Arne Vinje, Kjetil Fulsås, Tor Strømme, Olav Urbø, Aslak Ofte, Hans Kristian Lehmann

Forfall: Thor Arne Hegtveit

Sak 06/2010 Referatsaker

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Til saklista var det semje om å ta vegspørsmålet i Botnedalen under sak 7.

Referat frå møtet i Kraftutvalet 8.1.2010 blei godkjent utan merknader.

Referat frå møtet i arbeidsgruppa 21.1. blei teke til orientering.

Møtet i NVE 2.2.2010: NVE blei oppfatta positivt når det gald spørsmålet om dekning av utgifter for kommunane. Ein viser elles til notat frå møtet laga av Helge Kiland.

Statkraft inviterer til seminar på Dalen 12. april kl. 11.

Helge Kiland høyrer om Einar Østvold i Hydrologiservice har høve til å vera med.

Sak 07/2010 Revisjonskrav, versjon 27.1.2010

Kravdokumentet skal vise korleis kommunane ser på revisjonssaka. Det må derfor leggest vekt på korleis ho blir presentert og korleis folk utanom Kraftutvalet vil oppfatte det. Det var semje om å be nokon andre om å lese gjennom dokumentet og sei i frå kva dei synes om framstilling og ordlyd. Utvalet ønskte å forsterke ordlyden ved å bruke formuleringar som "heilt urimeleg" i staden for "ikkje rimeleg" osv. Det blei vedteke å be Therese Hauger, LVK-sekretariatet, Bjart Scheldrop i VTB, Halvor Øygarden og Olav Nystog om å lese igjennom dokumentet og sei korleis dei meiner det presenterer seg.

Det var ønskje om å få med noko meir om historie og bakgrunn for Tokke-Vinjereguleringa. Tokke og Vinje kommunar hadde før utbygginga sikra seg fallrettar i ein del av vassdraget. Dette bør spesifiserast nærare. Verdsbanken ønskte bare staten som eigar, og kommunane blei derfor nekta medeigarskap. Som kompensasjon blei det i Stortinget bestemt at kommunane skulle ha tilgang til konsesjonskraft på særlege vilkår (særavtalekraft). Konsesjonen blei gitt til NVE/Statskraftverkene, noko som illustrerer NVE sin tidlegare rolle på utbyggarsida. Ein må få tydeleg fram endringane i næringslivet, frå primærnæringsar til reiseliv og turisme som eit av fundamenta for bygdene i dag.

Revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget er av ein heilt annan storleik enn tidlegare revisjonssaker, og utfallet av denne saka som vil gje føringane for andre saker som kjem etter. Tidlegare revisjonssaker er få og lite dekkande for vår del. Me vil ikkje akseptere at mindre revisjonssaker (Vinstra) skal gje føringar for revisjonssaka vår. Utfallet i Vinstrasaka er lite i samsvar med Stortingets intensjonar i revisjonssaker.

Potensialet for O/U (opprusting og utviding) bør synleggjerast i revisjonsdokumentet. Auka effektivisering gjennom O/U kan ha miljøverknader på grunn av auka slukeevne og anna magasindisponering. Magasina blir i større grad manøvrert ut i frå pris og ikkje energi. Det er eit viktig argument for magasinrestriksjonar.

Kommunane krev at særavtala skal gjerast evigvarande, som konsesjonen. Høvet til å gjera ho evigvarande står i avtala.

Konsesjonsavgiftene er bestemt ut i frå teoretisk produksjonskapasitet, ved at kraftgrunlaget i naturhestekrefter blir multiplisert med ein avgiftssats. Konsesjonskrafta blir bestemt ved at 10 % av kraftgrunlaget blir multiplisert med 8760 timar pr år og ein omrekningsfaktor. Omrekningsfaktoren er bestemt ut frå ein gjennomsnittleg verknadsgrad i kraftverket på 82 %. Gjennom O/U blir verknadsgraden høgare, og vil i mange tilfelle ligge over 90 %. Oppjustering av grunlaget for konsesjonskraft er eit prinsipielt spørsmål som heller bør takast opp av LVK, og ikkje i revisjonssaka for Tokke-Vinjevassdraget.

Redusert resipientkapasitet som følgje av mindre vassføring stiller kommunane overfor dyrare reinsekav. Hovdestadmoen avfallsdeponi er etablert etter kraftutbygginga, og det er derfor vanskeleg å gjera regulanten ansvarleg for dårleg vasskvalitet her. Vassprøvene som NIVA tok i sommar og haust viser at Tokkeåi like nedanfor Hovdestadmoen hadde svært dårleg kjemisk tilstand. Her var det høgt nitrogeninnhald som gjorde utslaget. Elles viste prøvene frå denne stasjonen god biologisk tilstand, både med omsyn til eutrofiering og økologisk kvalitet. I Skafsåvassdraget er det gjort forsøk med ei kraftig utspyling kvart 3. år i samband med snøsmeltinga, for å motverke attgroing.

Olav Urbø sitt notat om friluftsliv og turisme er innarbeidd i kravdokumentet, kapittel 6.4.3. Kapitlet kan gjerne supplerast.

Utvalet ønskte å supplere lista over tiltak med bruk av miljøfond til også å ha med bruk av fornybar energi, som biovarme. Enkelte meinte Vinje kommune sin prispolitikk på elektrisk straum er med på å slå beina unna noko av dette. Dess lågare straumpris, dess meir vil det koste å få folk til å legge om til bruk av andre energikjelder og energisparing.

Utvalet er opptekne av ålmenn tilgang til vegar som er bygde i samband med reguleringa, men er usikre på kor langt punkt 6 i konsesjonsreglementet gjeld med omsyn til ulike typar veg. Det er gjort ei avtale med Statkraft for 10 år. Når avtala gjeng ut i 2015 er det uvisst korleis det vil gå med tilgangen til det som blir rekna som tiltaksvegar. Vegspørsmålet i Botnedalen bør vurderast nærare juridisk. Det blei rådd til å ta kontakt med mellom anna advokat Øystein Teigland, som var med på å forhandle fram avtala med Statkraft på vegne av grunneigarane (AT Skog). Therese Hauger, Olav Bjørn Bakken, Hans Kristian Lehmann og Helge Kiland ser nærare på dette.

Under kapittel 7 oppsummering må også dei økonomiske krava med. Det gjeld miljøfond, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter og dekning av faghjelp utanfrå. Kor store krava er i kroner bør og kome fram. Det bør takast kontakt med LVK om dette.

Sak 08/2010 Nye retningslinjer for revisjonssaker.

Høyringsuttale frå kommunane bør vera sendt til LVK før 10. mars. Kommenterarar på behov for juridisk og anna fagleg hjelp må med. Her har me god dokumentasjon på dei utfordringane me har på området. Tilgang til eigen hydrolog gjev andre vilkår for å stille spørsmål til revisjonsdokumentet. Saksbehandlingstida må også kommenterast.



Helge Kiland

Vedlegg:

Konsesjonskrav revidert 5.3.2010 og Uttale til retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vasskraftverk.